

# Milliardvekst i tilskota til jordbruk i fleire fylke

2025-03-11

Optional[© Nationen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

8 NYHETER

Tirsdag 11. mars 2025

NATIONEN

## Milliardvekst i tilskota t

**Fire fylke har hatt milliardvekst i tilskota medan jordbruket tapar terreng i andre strøk. Analytikar seier det er gjort for lite for å unngå drift fråfall.**

Bjarne Bekkeheien Asse  
bjarne.asse@nationen.no

### TILSKOT

Dei tre siste åra har dei årlege utbetalingane av tilskot til jordbruksføretaka auka med til saman nær åtte milliardar kroner, ifølgje tilskotslistene.

Jordbruksmilliardane blir ulikt fordelt mellom fylka der nokre kjem ut med større vekst medan jordbruket i andre fylke tapar terreng.

### 63 prosent til fire fylke

I fire fylke har det vore milliardvekst i tilskota til jordbruksføretak på tre år.

Innlandet toppar med over 1,4 milliardar kroner i auke følgd av Trøndelag med nær 1,3 milliardar, Rogaland med vel 1,1 milliardar og Vestland med rett over 1 milliard kroner.

Til saman har nær 63 prosent av auken i jordbruksstøtta dei tre siste åra gått til desse fire fylka, som er blant dei tyngste jordbruksfylka i landet.

Målt i kroner har veksten vore minst i Troms og Finnmark følgd av Vestfold og Telemark og Agder, alle med ein vekst på i overkant av 300 millionar kroner. Desse er blant dei minste fylka målt i jordbruksaktivitet og bønder.

For å kunne samanlikne veksten frå 2021 til 2024 er fylkesinndelinga for oppsplittinga av enkelte regionar tatt i bruk.

### Best i sørvest, minst i nord

Målt i prosent er det to fylke som skil seg ut med klart størst samla vekst i tilskota til jordbruksføretaka.

Det er Rogaland med nær 67 prosent vekst i tilskota på tre år og Agder med nær 65 prosent samla tilskotsvekst.

Minst vekst i prosent per fylke har det vore i Nord-Norge der Troms og Finnmark kjem ut på botn med ein vekst på 47 prosent på tre år.

### Best per bonde i nord

Nord-Norge kjem likevel ut på topp i gjennomsnittleg tilskot per føretak og faktisk vekst i tilskota per føretak målt i kroner.

Snittet i Nord-Norge har passert 900.000 kroner per føretak i 2024 etter ein vekst på rundt 340.000 kroner per føretak sidan 2021.

### FAKTA

#### Tilskot til jordbruksføretak

- Rundt ein tredel av dei samla inntektene i jordbruket kjem ifølgje Landbruksdirektoratet frå ulike tilskotsordningar. Resten kjem i stor grad frå sal av mat.
- Støtteordningane skal bidra til å oppfylle ei rekke landbrukspolitiske mål, mellom anna auke sjølvforsyninga, halde jordbruksarealet i drift og styrke og jamne ut inntektene i næringsa mellom ulike produksjonar og distrikt.
- Produksjonstilskota, ei fellesnemning på ei rekke tilskot i jordbrukssektoren, blir saman med tilskot til avløsning utbetalt i hovudrunden i februar kvart år. Summen er basert på søknadene for drifta året før.
- Pristilskota, som er ulike tilskot betalt for varene per kilo eller liter utover prisen for sjølve produksjonen, blir betalt ut samtidig med betalinga frå varemottakar løpande gjennom året.

Det er langt over gjennomsnittleg vekst på vel 216.000 kroner til eit snitt på totalt 570.000 kroner per føretak på landsbasis i 2024.

Ulik utvikling i dyretal, jordbruksareal og samla jordbruksaktivitet i fylka er ifølgje Landbruksdirektoratet med på å forklare ulik fordeling av tilskota. « Tilskuddsutbetalingene i det enkelte fylke avhenger av utviklingen i antall dyr/dekar og antall søkere, samt distriktsprofilen i tilskuddene», skriv kommunikasjonssjef Robert Rønning i ein e-post til Nationen.

Han skriv vidare at direktoratet ikkje har analysert utviklinga i tilskotsutbetalinga i dei ulike fylka.

### Størst bonde-fråfall i nord

Tilskotslistene viser store forskjellar mellom fylka i nedgangen i føretak som mottok tilskot. Det påverkar utbetalingane, ifølgje direktoratet.

Nord-Norge skil seg også her ut med svakast utvikling målt i prosent. Samla nedgang i føretak dei tre siste åra har vore på 6,9 prosent i Troms og Finnmark og på 5,7 prosent i Nordland.

I Midt-Norge og Innlandet er òg fråfallet større enn snittet på 3,5 prosent.

Lågast nedleggingsstakt er det i Rogaland med 2,6 prosent og Vestland med 1,6 prosent på tre år, medan Agder skil seg ut med ein oppgang i talet på føretak på til saman 0,7 prosent sidan 2021.

### Fleire mønster går igjen

Fleire av forskjellane mellom fylka følgjer same mønster som då Nationen i 2022 såg på tilskotsutviklinga mellom fylka i



Søk i tilskuddslistene på nationen.no

Jordbruksmilliardane blir ulikt fordelt mellom fylka og det er store forskjellar i nedleggingsstakten.

perioden 2017 til 2021.

Den gong kom også Nord-Norge ut med minst samla oppgang i tilskota i perioden, målt i prosent, og med størst nedgang i talet på føretak.

Frå 2017 til 2021 var det meir enn 13 prosent nedgang i talet på føretak i Nordland og 10 prosent nedgang i Troms og Finnmark.

Også den gong var det mindre nedgang i talet på føretak enn landsnittet i Vestland, Rogaland og Viken medan Agder også den gong skilte seg ut med vekst i talet på bønder eller føretak.

Ein forskjell frå sist er at fylka sør på Austlandet og rundt Oslofjorden hadde størst prosentvekst i totale tilskot frå

**”** Mønsteret vi ser forsterkar dei utfordringane vi står i knytt til å ta vare på landbruk i heile landet  
**Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse**

2017 til 2021. Desse fylka kjem ut rundt snittet eller noko lågare i åra frå 2021 til 2024.

Det var også langt mindre samla vekst i tilskota i fireårsperioden frå 2017 til 2021. Den gong auka tilskota totalt med under 2,5 milliardar kroner på

fire år mot 7,7 milliardar kroner på tre år frå 2021 til 2024.

### – Følgjer investeringane

At fylka i sørvest kjem ut med størst prosentvekst i samla jordbruksstøtte kjem ikkje overraskande på Christian Anton Smedshaug, landbruksanalytiker og dagleg leiar i AgriAnalyse.

Han viser til at veksten i produksjons- og pristilskota heng nær saman med utviklinga i samla aktivitetnivå i jordbruket i dei enkelte fylka og investeringane i jordbruket over tid.

– Det er i fylka der dei store investeringane skjer over tid at tilskota samla sett følgjer etter. I Rogaland har det vore stor investeringsvilje blant bønder og

# til jordbruk i fleire fylke



FOTO: BJARNE BEKKEHEIM AASE



Christian Anton Smedshaug har kommet med en revidert utgave av boka si "Kan jordbruket fø verden?". FOTO: LARS BILIT HAGEN

gode produksjonsmiljø i lang tid. Der er det både stor husdyrproduksjon, vekst på fjørfe, grønsaker og høg arealbruk. I Agder ser vi noko av det same, berre i mindre samla omfang,

seier Smedshaug.

Han viser til at det er meir korn på Austlandet og dels i Trøndelag. Det fører ifølgje Smedshaug ikkje til like mykje investeringar og aktivitet. På korn er kostnadsveksten ifølgje Smedshaug også i større grad tatt ut som prisvekst dei siste åra medan tilskotsveksten har vore større på særleg drøvtyggarar.

#### – Forsterkar utfordringar

Minst samla tilskotsvekst og størst nedlegging i nord uroar Smedshaug.

– Mønsteret vi ser forsterkar dei utfordringane vi står i knytt til å ta vare på landbruk i heile landet, seier han.

Smedshaug seier mange

framleis har båsfløis i Troms og på Vestlandet.

– I desse regionane er det større utfordringar med struktur og driftsgrunnlag. Det er mange båsfløis igjen. Det er viktig med ei tydeleg satsing for å vege opp for denne skeivdelinga. Det er ikkje utan grunn at partia som står bak forliket om talgrunnlaget har løfta fram satsing på Nord-Norge, seier Smedshaug

Han viser til at eitt av punkta i avtalen mellom Ap, Sp, KrF, Venstre og Pasientfokus i vinter omtalar at partia er einige om «ei kraftig prioritering av Nord-Noreg i neste jordbruksopp-gjerer».

Sjølv om totalveksten i tilskot per fylke er minst i nord, så er


#### Endring i talet på føretak som får tilskot frå 2021 til 2024




Grafikk: Sjarne Bekkeheim Aase, Nationen • Kilde: Tilskotsstatistikk / Landbruksdirektoratet

#### Vekst i totale tilskot til jordbruk pr. fylke frå 2021 til 2024

Prosentvis endring i tilskot totalt til jordbruksføretak i søknadsrundane frå 2021 til 2024 per fylke.



Grafikk: Sjarne Bekkeheim Aase, Nationen • Kilde: Tilskotsstatistikk / Landbruksdirektoratet



Nord-Norge har størst nedgang i talet på føretak, minst prosentvis vekst i samla tilskot til jordbruk og mykje jord ute av drift. Her frå Grytøya i Harstad.

FOTO: PER K. BJØRKLUND

veksten i snitt per føretak størst målt i kroner. Veksten er over 100.000 kroner større per føretak i nord enn landssnittet.

– Nord-Norge er veldig prega av drøvtyggarar. Det er der tilskota primært har gått. I tillegg er det blitt høgare distriktssatsar. Truleg har kostnadsveksten også vore størst i nord, seier Smedshaug og viser til at fleire av tilskota skal kompensere for driftsulemper og lange avstandar.

Han viser til at satsane for dei ulike tilskota er høgast i Nord-Norge og at det er gjort forsøk på å motverke nedgangen.

#### – Er det likevel gjort for lite?

– Mykje tyder på at ein ikkje har klart å gjere det lønsamt nok til at mange vil fortsette. Ut frå målet om landbruk i heile landet, så er det gjort for lite. Det er det merksemd rundt, seier Smedshaug.